

Handlingsplan 2026 – 2028

Handlingsplanen for perioden 2026-2028 skal vere ei oppfølging av arbeidet Norsk bibliotekforening gjer, og etter dei prinsippa som er fastsette i Prinsippprogrammet for same periode. Dette gjeld og tiltak for å betre rammevilkåra til bibliotek og eiga organisasjonsutvikling. Handlingsplanen skal vere eit verkemiddel i arbeidet til heile organisasjonen frå hovudstyre og sekretariat til utval, regionlag og faggrupper.

Biblioteka er del av grunnmuren i demokratiet vårt, og er med på å sikre eit opplyst folk og eit levande, offentleg ordskip. Norsk bibliotekforening arbeider for alle typar bibliotek, og prinsippa dette byggjer på gjeld dermed for skulebibliotek, mobile bibliotek, folkebibliotek og fag- og forskingsbibliotek.

Kunnskap og læring

Kunnskap og kunnskapsformidling er ein del av kjerneverksemda til alle typar bibliotek. Kunnskap er ein kontinuerleg prosess av forståing, læring og kritisk tenking. Kunnskap blir utvikla i møte med nye tankar og friske idear og er grunnleggjande for å kunne utøve demokratiske rettar og delta aktivt i samfunnet.

Norsk bibliotekforening skal i perioden jobbe for:

- at alle typar bibliotek samarbeider, slik at folk kan bruke biblioteka til læring og kunnskap gjennom heile livet.
- at alle bibliotek kan organisere, finne att og formidle kunnskap for å gje folk moglegheit til å bruke, vurdere og produsere kunnskapen.
- auka demokratisering gjennom gratis og fri tilgang til offentleg finansiert forskning.
- eit større tilfang av opne forskningsresultat.
- at studentar skal få gode bibliotektenester, uavhengig av fysisk nærleik til studiestaden sin.
- å styrke moglegheitene til barn og unge til kunnskap og oppleving der dei bur.

Lesing

Lesing er ein grunnleggjande dugleik, og ein føresetnad for eit berekraftig og opplyst samfunn. For den enkelte er også lesing avgjerande og gjer det mogleg å ta del i samfunnet. Biblioteka spelar ei rolle i arbeidet med å sikre eit lesande folk gjennom heile livet, frå barndom til vaksen. Biblioteka er den einaste institusjonen der folk har fri at medtilgang til bøker, litteratur og eit lesande fellesskap, og difor er det naudsynt å jobbe med alle målgrupper i alle aldrar.

Norsk bibliotekforening skal i perioden jobbe for:

- å påverke det igangsette arbeidet til regjeringa med leselyststrategien *Sammen om lesing* og den kommande nye leselyststrategien for vaksne, og fremje rolla til biblioteka i samarbeid med andre institusjonar.
- å sikre plassen til biblioteka i arbeidet med lesetiltak, og jobbe for langtidsperspektiv og føreseielege vilkår.
- styrking av skulebibliotek, og at dei blir brukt aktivt og pedagogisk i opplæring på skulen.
- innhenting og bruk av statistikk på skulebibliotek i både grunnskule og vidaregåande skule.

Demokrati, solidaritet og ytringsfridom

Norsk bibliotekforening meiner at biblioteka er ein viktig del av den demokratiske infrastrukturen lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt, der alle kan delta i og påverke avgjerder. At folk kan

ytre seg fritt og ta til seg andre ytringar er ein føresetnad for eit demokratisk samfunn. Fri meningsutveksling til å kunne gjere seg opp egne meiningar og ta informerte, sjølvstendige val, er naudsynt.

Biblioteka er eit verkemiddel som kan brukast for å styrkje demokratiarbeidet og eit fritt ytringsrom og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling.

Norsk bibliotekforeining skal i perioden:

- jobbe for retten til likeverdig tilgang til informasjon og kunnskap.
- bidra aktivt i diskusjonar om sjølvstendet til biblioteka og redaktøransvaret til biblioteksjefen, og jobbe for akademisk ytringsfridom.
- jobbe for å skape trygge ytringsrom og motverke desinformasjon.
- ta initiativ til debattar og samtalar om ytringsfridom og rolla til biblioteka i eit demokratisk samfunn.
- sjølv vere ein aktiv meiningsberar og aktør i det offentlege ordskiftet i saker som gjeld bibliotek.
- jobbe regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Tilgang

Norsk bibliotekforeining jobbar for at alle i Noreg skal ha tilgang til informasjon, kunnskap, litteratur og kultur. Biblioteka spelar ei viktig rolle som kunnskaps- og kulturberar ved å vere del av ein infrastruktur som stiller bøker og informasjon til rådvelde. Både tilgangen til kunnskap og kjelder, og kunnskapen om bruken av dei, er ei av kjerneoppgåvene til biblioteka no og i framtida.

Norsk bibliotekforeining skal i perioden jobbe for:

- open og tilgjengeleg forskning.
- sikre og styrkje tilgang til digitale ressursar.
- god og berekraftig infrastruktur som gir tilgang til fysisk og digitalt innhald.
- tilgjengelege bibliotek, både når det gjeld universell tilgjengelegheit og bibliotektenester utanfor biblioteklokalet .
- ivaretaking av innbyggjarane sin kunnskapstilgang i krisesituasjonar, i tråd med regjeringa si *Totalberedskapsmelding*.

Teknologi

Biblioteka er viktige informasjonsaktørar i møte med ulike og nye teknologiar. Gjennom sine tilbod, er dei rettleiarar i bruk og vurdering. Biblioteka er ein medviten aktør i møte med eksisterande og framtidige teknologiar.

Norsk bibliotekforeining skal i perioden jobbe for:

- at biblioteka kan tilby digitale tenester og medium på like vilkår som fysiske.
- å synleggjere biblioteka som ein viktig aktør i arbeidet med digital inkludering.
- At me får ein samanhengande, felles digital infrastruktur for heile bibliotekfeltet.
- at biblioteka kan utforske, styrkje og ta i bruk nye mogleikar teknologiutviklinga gir, slik som digitalisering, kunstig intelligens, automatisering med meir.
- at biblioteka kan bidra med kompetanse, kjeldekritikk og støtte ved bruk av kunstig intelligens.
- at teknologiutvikling og bruk av teknologi i bibliotek utvidar det totale bibliotektilbodet, supplerer eksisterande verktøy, og utviklar faget for framtida.

Berekraft

Biblioteka sitt samfunnsoppdrag er avgjerande for miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Arbeidet til Norsk bibliotekforeining skal vere knytt opp mot FN sine berekraftsmål. Berekraftige samfunn inkluderer bibliotek som er med på å jamne ut ulike sosiale tilhøve og føresetnader.

Norsk bibliotekforeining skal i perioden jobbe for:

- at bibliotek kan gi likeverdig tilgang til innhald, tilbod og tenester til målgruppene sine.
- at biblioteka har kompetanse om universell utforming og er universelt tilgjengelege for eit mangfald av innbyggjarar, elevar og studentar.
- å løfte fram kva rolle bibliotek kan spele i utvikling av berekraftige samfunn, gjennom mellom anna kampanjen Veke17.
- å tydeleggjere korleis biblioteka kan bidra til FNs berekraftsmål gjennom samarbeid og kunnskapsutvikling.

Rammevilkåra til bibliotek

For å sikre tenester av god kvalitet til brukarane, er det heilt naudsynt med mandat, ressursar og mogleikar til å utvikle og halde oppe det som biblioteket er forventa å levere, ut frå statlege, regionale og lokale retningslinjer. Med tilstrekkelege ressursar, merksemd og oppdatert kompetanse kan biblioteka vere utviklingsmotorar i lokalsamfunna. Samstundes som forventningane aukar, er økonomien til fleire bibliotek pressa som følgje av dårleg økonomi i kommunar og fylke og innstrammingar i høgare utdanning.

Norsk bibliotekforeining skal i perioden jobbe for:

- ein samlande nasjonal bibliotekpolitikk.
- betre rammevilkår for alle bibliotek gjennom politisk påverknadsarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt.
- at tillitsvalde lokalt følgjer med på lokale prosessar, og støtte medlemmer der det er ønske eller behov.
- strategisk nettverksbygging.
- å sikre at biblioteka blir tidleg involverte i prosessar med tenesteutvikling, og har ein plass i alle relevante planar og planverk lokalt, regionalt og nasjonalt.
- at det blir henta inn og blir brukt statistikk og kunnskapsgrunnlag for å sikre ei kunnskapsbasert utvikling.

Organisasjonsutvikling

Ein sterk organisasjon kan jobbe meir slagkraftig for eit styrka, felles bibliotekfelt. Engasjerte medlemmer og tillitsvalde i Norsk bibliotekforeining kan påverke korleis biblioteka som institusjon, som funksjon, som prinsipp og som idé verkar i samfunnet.

Norsk bibliotekforeining skal i perioden fokusere på ulike ledd internt for å oppnå ein større medlemsmasse og stabile tillitsvalde.

Norsk bibliotekforeining skal i perioden jobbe for:

- å utarbeide ein langtidsstrategi som blir vedteken på landsmøte i 2028.
- å iverksetje *Medlemsstrategi for Norsk bibliotekforeining*.
- å halde på medlemmer, både institusjonar og personar.
- å få fleire medlemmer til å engasjere seg aktivt i foreininga.
- å kurse medlemmer i lobbyarbeid.

- kompetanseheving av tillitsvalde på organisasjonsarbeid og påverknadsarbeid, gjennom fagdagar, digitale tillitsvaldmøte og kunnskapsdeling på tvers av utval, faggrupper og regionlag.
- å styrkje fellesskapskjensla og tilhøyrsla internt og at regionlag, faggrupper og utval nyttar handlingsplanen aktivt i arbeidet sitt.
- å gjere tillitsvalde trygge i rolla.
- berekraftige og universelt tilgjengelege digitale løysingar og ressursar for organisasjonen.
- å styrkje den interne kommunikasjonen i foreininga.
- god og heilskapleg kommunikasjon på tvers av organisasjonsledda.
- jamleg dialog om kva som rører seg lokalt og sentralt.